



Regional planstrategi 2016-2020

# Utviklingsplan for Hordaland

## Arbeid pågår!

Informasjon om arbeidsprosess og medverknad



## Til kommunar, statlege organ, verksemdar og organisasjonar i Hordaland

Arbeidet med regional planstrategi – ein utviklingsplan for Hordaland – er i gang. Skal vi få ein god strategi er vi avhengig av medverknad frå Hordalandssamfunnet. Vi treng ulike perspektiv og synspunkt. Vi treng kunnskap om heile fylket. Vi treng felles satsingsområde som kan gje størst mogeleg handlekraft.

Strategien skal setja mål for langsiktig utvikling av Hordaland innafor berekraftige rammer. Vi skal prioritere satsingar for å løyse utfordringane og vi skal peike på kva planar vi treng dei næraste åra. Strategien er formelt heimla i Plan- og bygningslova, men er også ein viktig reiskap for regional utvikling i vid forstand.

Fylkestinget skal til sjuande og sist vedta planstrategien. Fylkesutvalet er styringsgruppe for arbeidet. Men eit svært viktig organ er samrådsgruppa som er samansett av fylkestingsmedlemer, ordførarar frå ulike regionar og fylkesmannen i Hordaland. (sjå neste side)

Det er lagt opp til medverknad frå ulike organ i fylket, næringsorganisasjonar og råd. Fylkestinget vil 9. mars invitera til eit stort samråd for viktige organ i fylket.

Planperioden er kort og intens. Allereie i mai reknar vi med å ha eit høyringsforslag til handsaming, med høyringsfrist i september. Vedtak er venta i fylkestinget i desember.

Vi er opne for innspel undervegs i prosessen for alle som ynskjer!  
Grip sjansen til å påverke framtida for Hordaland!



Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar

Venleg helsing

Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar



# Samrådsgruppe for regional planstrategi 2016–2020

## Namn:

Anne Gine Hestetun

Mona Røsvik Strømme

Emil Gadolin

Beate Husa

Nils Bjørke

Rune Fjeld

Odd Harald Hovland

Karstein Totland

Jostein Ljones

Børge Haugetun

Atle Kvåle

Harald Schjelderup

## Representerer

Fylkesordfører

Fylkesutvalet

Leiar Opplæring og helse

Leiar Kultur, idrett og regional utvikling

Leiar miljø og samferdsel

Fylkesmannen i Hordaland  
Assisterande fylkesmann

Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
Ordfører Bømlo

Region Nordhordland  
Ordfører Masfjorden

Hardangerrådet  
Ordfører Kvam

Regionrådet Vest  
Ordfører Øygarden

Kommunane rundt Bergen  
Ordfører Fusa

Byrådsleiar i Bergen

### Meir informasjon:

Informasjon om planarbeidet kan de finna på [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)

### Kontakt og spørsmål:

Marit Rødseth tlf 48138493  
epost: [Marit.rodseth@hfk.no](mailto:Marit.rodseth@hfk.no)



*Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.*